

Søknad

Søknadsnr.	2019-0137	Søknadsår	2019	Arkivsak
Støtteordning	Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling 2019			
Prosjektnavn	Videobasert bestandsovervaking i Lærdalselvi			

Kort beskrivelse

Me ønsker å etablere ei videobasert bestandsovervaking i Lærdalselvi for å få objektiv kunnskap om tal villlaks, sjøaure og rømt laks eller aure frå oppdrettsnæringa som går opp eller ut av elva, og å skilje mellom kva som skjer i sjø- og elvefasen. Bildematerialet vil gje vurderingar av eventuelt lusepåslag på oppvandrande anadrom fisk.

Prosjektbeskrivelse

Å følgje med på utviklinga og ha sikker kunnskap om laks- og sjøaurestammene si utvikling er avgjerande for ei god forvaltning. Ut frå den innsatsen som er lagt ned for å fjerne den laksedrepende parasitten Gyrodactylus Salaris frå Lærdalselvi, er dette svært viktig.

I 2018 var gytebestanden i Lærdalselvi godt under gytebestands-målet. Ut frå rapporterte fangstar så langt i 2019, er det rimeleg å anta at ein er langt unna gytebestandsmålet også i år.

Samstundes har det dei to siste åra vore rapportert om store påslag av lakselus på utvandrande smolt. Dette indikerer at desse to laksegenerasjonane er svekka før tilbakevandring til elvi.

Sognefjorden er ein nasjonal laksefjord med oppdrettsaktivitet frå Høyanger kommune og ut Sognefjordbassenget. Kring 70% av all laks som kjem inn Sognefjorden skal til Lærdalselvi. Ho er ei nasjonal lakseelv der villaksen skal ha eit særskilt vern, og er sjølve motoren i utviklinga av laksestammene i Indre Sogn.

Det er eit spenningsfelt mellom oppdrettsaktiviteten og forvaltninga av dei ville lakse- og sjøaurestammene. Samspelet med og påverknaden frå oppdrettsaktivitet er viktig å dokumentere. Alle partar er tente med at det kjem mest muleg objektiv kunnskap om tal villlaks, sjøaure og rømt laks eller aure frå oppdrettsnæringa som går opp eller ut av elvane.

Den beste og mest objektive måten å overvake bestandsutviklinga på, er å bruke videoovervaking. Metoden gjev sikrere kunnskap enn me har i dag, og grunnlag for å skilje mellom kva som skjer i sjø- og elvefasen.

Norsk Villakssenter i Lærdal vert no ein del av Nasjonalt villakssenter som er under etablering. Kunnskaps- og kompetansesenter i Tana, Namsos, Lærdal og Lyngdal vert knytt saman under ein felles organisatorisk paraply for å få ein samkøyrte, einsarta, men også regionspesifikk formidling av kunnskap kring villaksen. Informasjon kring bestandsutviklinga i dei ulike lakseelvar vil stå sentralt.

Me er kjende med at det er etablert overvakingssystem i Hardangerfjorden som genererer denne typen kunnskap. Tiltaket vert finansiert av oppdrettsnæringa, av di næringa ser seg tent med at

objektiv kunnskap vert lagt til grunn for både oppdrettsnæringa si utvikling og forvaltninga av dei ville lakse- og sjøaurestammene i elvane.

Gjennom prosjektet vil me etablere ei slik overvaking. Det må gjerast investeringar i utstyr, det må settast opp og driftast, og materialet må analyserast. Årleg kostnad er estimert til 1 250 000 - samla kostnad for tre år vert då 3 750 000.

Prosjektet er støtta med 800 000 kr over tre år frå 10 havbruks-bedrifter i Sogn og Fjordane (produksjonsområde 4). Me treng ytterlegare 450 000 kroner pr år for å fullfinansiere prosjektet og få tolka biletmaterialet.

Me søker med dette som utgangspunkt om støtte til å få på plass restfinansieringa av ei slik overvaking. Skandinavisk naturovervåking og SkyNordic vil levere og installere alt utstyr og står som prosjektleiarar.

Kontaktopplysninger

Funksjon	Navn	Adresse/poststed	Mobil
Søker / Prosjekteier	Stiftelsen Norsk villakssenter Org.nr:975972364	Att Lærdal kommune v Alf Olsen 6886 LÆRDAL	97539292
Kontakt- person	Alf Olsen	Att Lærdal kommune v Alf Olsen 6886 LÆRDAL	97539292
Prosjekt- leder	Skandinavisk Naturovervåking	Ranheimsvegen 281 7055 RANHEIM	90627778

Mottatt offentlig støtte tidligere: Nei

Spesifikasjon

Bakgrunn

Hausten 2017 vart Lærdalselvi friskmeld frå smitte av den laksedrepande parasitten Gyrodactylus Salaris. Dette skjedde 21 år etter at elvi vart påvist smitta. Staten har nytta store midlar (tresifra millionbeløp) for å utvikle ein ny metode basert på surt aluminium for å fjerne parasitten.

Utviklingsarbeidet vart gjort i Lærdalselvi. Å følgje med på utviklinga og ha sikker kunnskap om laks- og sjøaurestammene si utvikling er avgjerande for ei god forvaltning framover. Ut frå den innsatsen som er lagt ned for å fjerne parasitten frå Lærdalselvi, er dette svært viktig.

I 2018 var gytebestanden godt under gytebestandsmålet. Ut frå rapporterte fangstar så langt i 2019, er det rimeleg å anta at ein er langt unna gytebestandsmålet også i år.

Samstundes har det dei to siste åra vore rapportert om store påslag av lakselus på utvandrande smolt. Dette indikerer at desse to laksegenerasjonane er svekka før tilbakevandring til elvi.

Laksefisket i 2018 var dårleg i store deler av landet. I Lærdalselvi var fangstane kring 25% av 2017. Nokre av årsakene til dette var låg vassføring og høge vass temperaturar grunna den ekstremt fine og varme sommaren. Ei anna årsak var liten oppgang. Det har vore kobbe som har jakta på oppvandrande laks- og sjøaure, som også kan ha påverka oppgangen. Me har gytefiskteljingr frå land som indikerer stoda til laks- og sjøaurestammene, men den faktiske stoda kjenner me likevel ikkje.

Trenden held seg i 2019, med fangstar noko under eller på nivå med 2018. Det er uro kring bestandsstoda i Sogn og Sunnfjord, og Miljøforvatinga har korta ned fiskesesongen og stramma inn beskatninga i elvane.

Sognefjorden er ein nasjonal laksefjord med oppdrettsaktivitet frå Høyanger kommune og ut Sognefjordbassenget. Lærdalselvi er ei nasjonal lakseelv der villaksen skal ha eit særskilt vern. Kring 70% av all laks som kjem inn Sognefjorden skal til Lærdalselvi. Ho er sjølve motoren i utviklinga av laksestammene i Indre Sogn.

Det er eit spenningsfelt mellom oppdrettsaktiviteten og forvaltninga av dei ville lakse- og sjøaurestammene. Samspelet med og påverknaden frå oppdretts-aktivitet er viktig å dokumentere. Alle partar er tente med at det kjem mest muleg objektiv kunnskap om tal villlaks, sjøaure og rømt laks eller aure frå oppdrettsnæringa som går opp eller ut av elvane.

Prosjekt mål

Målet med prosjektet er ved hjelp av videoutstyr plassert i Lærdalselvi å :

1. Registerere all oppvandrande laks og sjøaure
2. Kvantifisere laks og sjøaure etter storleiksgrupper
3. Skilje mellom han og holaks
4. Skilje ut og kvantifisere innslag av rømt oppdrettslaks
5. Vurdere påslag av lakselus på oppvandrande fisk
6. Registrere utvandrande laks og sjøaure - dvs vinterstøingar av laks og sjøaure
7. Registrere smolt på veg ut i sjøen og tidspunkt for utvandring

Forankring

Stiftelsen Norsk villakssenter står i startfasen som eigar av prosjektet. Senteret i Lærdal vert ein del av Nasjonalt villakssenter som er under etablering. Kunnskaps- og kompetansesenter i Tana, Namsos, Lærdal og Lyngdal vert knytt saman under ein felles organisatorisk paraply for å få ein samkøyrte, einsarta, men også regionspesifikk formidling av kunnskap kring villaksen. Informasjon kring bestandsutviklinga i dei ulike lakseelvar vil stå sentralt.

Prosjektet er forankra i oppdrettsnæringa gjennom deira delfinansiering.

Lærdal elveeigarlag er kjende med og stør opp om prosjektet.

Den aktuelle grunneigaren der utstyr vert plassert ut har gjeitt løyve til utplassering og stør prosjektet.

Lærdal kommune vil kunne nytte kunnskap frå prosjektet i saker knytt til forvaltning av vassdraget.

Kunnskapen vil kunne brukast av alle interesserte aktørar.

Prosjektorganisering

Stiftelsen Norsk villakssenter står som prosjekteigar og styringsgruppe for prosjektet. Prosjektet vert utført av Skandinavisk naturovervåking som er prosjektleiar.

Samarbeidspartnere

Stiftelsen Norsk Villakssenter/Nasjonalt villakssenter, Lærdal elveeigarlag, Havbruksnæringa i Sogn og Fjordane

Aktiviteter

Etablering av videoovervaking

Analyse av materiale

Kunnskapsformidling gjennom rapportar og tilrettelegging av videobasert materiale.

Målgrupper

Aktører som er del av forvaltninga av laks og sjøaure på alle nivå frå det lokale til det nasjonale.

Fiskerettshavarar, elveeigarlag, aktører og interessegrupper innafor oppdrettsnæringa.

Allmenta

Resultat

Objektiv kunnskap om stammene av laks og sjøaure i Lærdalselvi som grunnlag for forvaltning av elvi, styring og utvikling av oppdrettsnæringa.

I dette ligg kunnskap om

- oppvandrande laks og sjøaure kvantifisert etter storleiksgrupper
- kjønnsfordelinga på oppvandrande laks
- innslag av rømt oppdrettslaks
- eventuelle påslag av lakselus på oppvandrande fisk
- utvandrande laks og sjøaure - dvs vinterstøingar av laks og sjøaure
- smolt på veg ut i sjøen og tidspunkt for utvandring

Effekter

Langsiktig og bærekraftig forvaltning av laks og sjøaure i Lærdalselvi. Kunnskapsbaserte rammer for styring og utvikling av oppdrettsnæringa.

Grunnlag for metode- og teknologiutvikling innafor denne typen av overvakingssystem.

Tids- og kostnadsplan

Tidsplan

Kostnadsplan

Tittel	2019	2020	2021	2022	2023	SUM
Etablering og drift av overvaking	800 000	800 000	800 000			2 400 000
Opptak og tolking av data	400 000	400 000	400 000			1 200 000
Utføresett	50 000	50 000	50 000			150 000
Sum kostnad	1 250 000	1 250 000	1 250 000			3 750 000

Finansieringsplan

Tittel	2019	2020	2021	2022	2023	SUM
Stiftelsen Norsk villakssenter	50 000	50 000	50 000			150 000
Tilskot frå 10 oppdrettsbedrifter i S&Fj	800 000	800 000	800 000			2 400 000
Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling	400 000	400 000	400 000			1 200 000
Sum finansiering	1 250 000	1 250 000	1 250 000			3 750 000

Geografi

1411-Gulen, 1412-Solund, 1413-Hyllestad, 1416-Høyanger, 1417-Vik, 1418-Balestrand, 1419-Leikanger, 1420-Sogndal, 1421-Aurland, 1422-Lærdal, 1424-Årdal, 1426-Luster

Vedleggsliste

Dokumentnavn	Filstørrelse	Dato
Bestandsovervaking i Lærdalselvi søknad v3.docx	14 367	02.08.2019
Videoovervaking - budsjett og finansieringsplan.xlsx	18 163	06.08.2019
Videoovervaking - oppgåver og milepålar.xlsx	12 766	06.08.2019
Videoovervåking og presentasjon i Villakssenteret.docx	21 057	02.08.2019